

## **Nyhendebrev 1/2010 frå Praksiskonsulentane i Helse Førde**

### **Heimesidene til PKO i Sogn og Fjordane er no oppdatert med fersk infomasjon.**

Der kan ein lese meir om aktuelle saker, tidlegare saker, presentasjonar etc, sjekk ut sida: <http://www.helse-forde.no/samhandling/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=1838>

Elles kan ein lese meir om PKO prosjekta som no er aktuelle, og vi ber om at de tek ein nærare titt på fylgjande side: <http://www.helse-forde.no/samhandling/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=6784>

### **Nye helsepersonellmøter våren 2010**

Det vart vellukka møter i haust i Førde, på Nordfjordeid oig i Lærdal. Vi planlegg ny møteserie no i mars 2010.

Tentativt er møtedatoar: 3.3.2010: Førde. 10.3: Lærdal. 17.3: Nordfjordeid. Møtestart kl. 18.00

Merk datoane og set av tid! Vi kjem attende med endeleg stadfesting og tema.

Møta er godkjent som møteserie med 3 timar for kvart møte teljande for spesialistutdanning i allmennmedisin. For at den enkelte lege skal å få godkjent dette som møteserie i etterutdanninga, må legen delta på to møte - dvs. 6 timar.

Etter samhandlingsmøta hausten 09 vart det også arrangert eit ekstra samhandlingsmøte på Eid i desember 2009 om fødselshjelp. 15 legar deltok.

**Einar Sandven har starta som PKO** med fokus psykiatri i Nordfjord regionen. Meir informasjon vil kome.

### **Oppdatert informasjon om patologiservicen i Helse-Førde:** Patolog Ståle Sund har fylgjande informasjon:

”Av årsoversikten fremgår det at 10 av tilsammen 53 obduksjoner utført av Helse-Førde i -09 er rekvirert fra legekantorene.

Det er viktig å ha klart for seg at alle uventede dødsfall (død funnet hjemme etc.) SKAL meldes til politiet først, men dersom politiet "frigir" avdøde, erfarer vi at pårørende ikkje sjelden ber om obduksjon - da gjør vi det forutsatt at en lege tilknyttet legekantor står som rekvirent. Dette er det selvsagt rom for innenfor lovverket.”

Elles jobbar avdeling for patologi med å få på plass elektronisk meldingsutveksling, bl.a. av prøvesvar, men dette er enno ikkje på plass.

### **Påminning til fastlegar/ Legevaktslegar:**

Enkelte sjukehuslegar opplever at fastlegar/legevaktslegar ikkje alltid ringer og melder pas til ØH innlegging eller ØH poliklinisk vurdering. Det er SVÆRT viktig med slik telefonisk kontakt for å få god og effektiv samhandling.

Elektroniske tilvisingar.

-HUSK å merke skikkeleg kven som er fastlege og kven som er tilvisande lege! (Det har visst seg at dette ofte ikkje kjem fram, trass det kan sjå slik ut slik på skjermen i journalsystemet til fastlegen (t.d. i WinMed). Til legekantora: Sjekk ut dykkar status.

## **NYTT FRÅ PRAKSISKONSULENTEN**

---

Likeså er det viktig at der fleire diagnosar blir ført opp ved ei tilvising så må hovuddiagnosen for tilvisinga komme først. Dette letter arbeidet for den overlegen som gjer sorteringsarbeidet. Ved innføring av labsvar i ei tilvising må ein velje innstilling i journalprogrammet som gjer at svara kjem i tabell og ikkje på ei linje – dette for å forenkle lesinga av mottakar. Ved innføring (klipp og lim) av spirometri svar er det viktig å ”rydde” i tilvisinga slik at resultata kan lesast av mottakar.

### **Fysikalsk medisin i Avdeling for nevrologi, revmatologi og**

**rehabilitering** tilbyr fastlege institusjonshelseteneste praksis i 1 år. Dersom du har interesse for fagfeltet så er du hjarteleg velkommen til å kontakte

Signe Nordvik [signe.nordvik@helse-forde.no](mailto:signe.nordvik@helse-forde.no) for ein samtale om dette

**Kreftavdelinga ved Førde Sentralsjukehus** innehar no kompetansen innan hematologi i Helse Førde. Hematologiske problemstillingar skal tilvisast dit og ikkje til medisinsk poliklinikk.